

## Styringsdokument 2005

Helse Vest IKT AS

## **INNHOLD:**

1. INNLEIING .....	3
2. OVERORDNA STYRINGSBODSKAP.....	3
3. RESSURSGRUNNLAG OG RESULTATKRAV.....	4
Rammefinansiering i 2005.....	4
Endring av finansieringsmodell frå 2006.....	4
Forventa samordningsgevinstar over ein 5-års periode .....	4
Balansekrev .....	5
4. STYRINGSBODSKAP KNYTT TIL ANSVARSOMRÅDET FOR HELSE VEST IKT AS .....	5
Leveransar .....	5
Forholdet mellom aktørar - rolleavklaring.....	6
Kvalitet og utvikling.....	6
Strategiske tiltak .....	6
Organisasjonsutvikling .....	6
5. RAPPORTERING.....	7

## **1. INNLEIING**

Helse Vest RHF sine oppgåver er hovudsakleg knytt til to ansvarsposisjonar og roller:

- ”Sørgje for” ansvaret, jf § 2-1a i spesialisthelsetenestelova der det regionale helseføretaket er pålagd ansvaret for å ørgje for at innbyggjarane i helseregionen får nødvendige spesialisthelsetenester.
- Eigar av helseføretaka som er hovudleverandør av helseteneste, og konsernleiing

I ”sørgje for” ansvaret ligg det eit ansvar for å definere behovet for tenester i helseregionen, utforme ”bestilling” av tenester hos eigne helseføretak og private tenesteleverandørar og stille krav til tenestene både når det gjeld kvalitet og service.

Eigaransvaret blir nytta til å oppfylle og understøtte ”sørgje for” ansvaret, dvs å sette helseføretaka i stand til å ivareta oppgåvene på ein forsvarleg måte, dimensjonere og fordele funksjonar, samordne på tvers av helseføretaka, sikre effektiv ressursutnytting og systematisk nytiggjere styringsinformasjon til å utvikle tenestetilbodet.

Helse Vest IKT AS er eit heileigd datterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.

Helse Vest IKT AS leverer tenester og system som er kritiske for verksemda til helseføretaka, og har derfor ei særskilt oppgåve i å understøtte helseføretaka ved leveransane sine. Ein viser elles til vedtekten og forretningsplanen for selskapet.

I styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS inngår både bestilling av tenester og eigarkrav.

## **2. OVERORDNA STYRINGSBODSKAP**

### **Formål for helsetenesta:**

Formålet for helsetenesta er å fremje folkehelsa og å motverke sjukdom, skade, lidning og funksjonshemming.

### **Oppdrag for Helse Vest:**

Helse Vest skal ørgje for effektive og framtidsretta helsetenester av høg kvalitet som medverkar til god helse, livskvalitet og fremjar eiga meistring.

### **Oppdraget kan delast inn i 4 hovudoppgåver:**

- pasientbehandling
- utdanning av helsepersonell
- forsking
- opplæring av pasientar og pårørande

### **Oppdraget skal utøvast på ein måte som:**

- gjer tenestetilbodet tilgjengeleg for pasientane,
- sikrar kvaliteten på tenestetilbodet,
- gjer tenestetilbodet likeverdig og tilpassa pasientanes behov og
- gjer at ressursane blir utnytta best mogleg

**Tenestene skal leggje til grunn følgjande prinsipp for prioritering:**

- dei som treng helsetenestene mest – alvorsgrad av sjukdom
- der helsetenesta skaper mest helseverdi/helsegevinst – nyttå av det aktuelle tiltaket
- kostnadene står i rimeleg forhold til effekt og nyttå – kostnadseffektiviteten av tiltaket

**Tenestene skal ytast innanfor følgjande verdimesseige ramme:**

- |  |                             |
|--|-----------------------------|
| • Utgangspunkt for all behandling, pleie og omsorg er: | behovet til pasienten       |
| • Pasienten skal møtast med:                           | respekt og openheit         |
| • Pasienten skal få:                                   | informasjon og tryggleik    |
| • Pasienten skal ivaretakast med:                      | ansvarskjensle og fagleghet |
| • Pasienten skal møte eit arbeidsmiljø prega av:       | samarbeid og fornying       |

**Samarbeid er nødvendig:**

Spesialiserte helsetenester skal ytast som ein del av ei samla helse- og sosialteneste, og samarbeid særleg med primærhelsetenesta er ein føresetnad.

### 3. RESSURSGRUNNLAG OG RESULTATKRAV

**Rammefinansiering i 2005**

Helse Vest IKT AS blir i 2005 rammefinansiert ved at det blir gjort eit uttrekk frå helseføretaka. Helse Vest IKT AS skal fakturere helseføretaka i forhold til følgjande foreløpige fordeling:

Helse Førde HF	Helse Bergen HF	Helse Fonna HF	Helse Stavanger HF	Apoteka Vest HF	Helse Vest RHF
22 827	89 292	30 931	67 162	1 572	2 652

Vilkåra for rammefinansieringa for 2005 går fram av budsjettdokumentet som ble behandla av styret 14.01.2005 (sak 05/05), og forretningsplanen kap. 8.2.

**Endring av finansieringsmodell frå 2006**

Frå og med 2006 skal finansieringa av selskapet baserast på ein prismodell med samanheng mellom aktivitet og kostnader.

Helse Vest IKT AS skal:

- i løpet av 2005 kome fram til eit forslag til ny modell for finansiering

**Forventa samordningsgevinstar over ein 5-års periode**

Forventa samordningsgevinstar som ligg til grunn for etableringa av selskapet er beskrive i forretningsplanen kap. 8.1 og budsjettet for 2005 (styresak 05/05).

Samordningsgevinstane må kalkulerast ved å identifisere differansen mellom kostnadene som kjem gjennom Helse Vest IKT AS og dei kostnadene som ein ville ha hatt ved den tidlegare

organisering av IKT-funksjonen for føretaksgruppa. Denne differansen synleggjer brutto innsparing slik OMNI-prosjektet har lagt opp til. Det er såleis viktig å understreke at samordningsgevinstane ikke nødvendigvis vil gjenspeglast direkte i rekneskapen for Helse Vest IKT AS.

Helse Vest IKT AS skal:

- gjere samordningsvinstane synleg ved å halde oversikt over både kostnadsreduksjonar og endringar i tenesteomfang og tenestekvalitet.

#### **Balansekraav**

Helse Vest IKT AS skal:

- sørge for kostnadsrett prising av sine tenester, og bidra til samordningsgevinstar

Krav til resultat for 2005 blir satt til 0 kroner, eller betre.

## **4. STYRINGSBODSKAP KNYTT TIL ANSVARSOMRÅDET FOR HELSE VEST IKT AS**

#### **Leveransar**

Helse Vest IKT AS skal ha som overordna mål å:

- bidra til forenkla pasientbehandling gjennom ei samordning og integrasjon av system og løysningar slik at nødvendig informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasientforløp lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- sørge for einskapleg og effektiv brukarstøtte, service og leveranse til kundane. Kundeoppfølginga skal baserast på internasjonalt aksepterte rutinar og prosessar (ITIL) for IKT tenester.
- sørge for stabil drift, forvalte og vidareutvikle IKT-systema og -tenestene til kunden effektivt, slik at kunden vil bruke desse til å forbetra og effektivisere sine tenester til pasienten.
- sørge for å redusere ressursbruken ved å standardisere og forbetra desktop (utstyr og tenester) og infrastruktur, ved å samordne og forenkle systemarkitektur og systemportefølje og ved å utveksle og gjenbruke erfaringar og innføringskompetanse.
- utvikle, marknadsføre og presentere nye løysningar som kan effektivisere prosessar i helseføretaka. Helse Vest IKT skal være proaktive med tanke på å bruk nye teknologiar og løysningar.
- Helse Vest IKT AS skal sørge for å utnytte summen av tilsette i regionen til å auke breidda i kompetansen, auke individuell spisskompetanse og redusere sårbarheita gjennom overlappande kompetanse.

## **Forholdet mellom aktørar - rolleavklaring**

I løpet av 2005 skal det arbeidast vidare med utvikling og avklaringar av forholdet mellom Helse Vest RHF som premissgivar, helseføretaka som bestillar, og Helse Vest IKT AS som leverandør.

Helse Vest IKT AS skal:

- i samarbeid med Helse Vest RHF og helseføretaka bidra aktivt til betre forståinga av roller. Det skal etablerast eit samarbeidsforum
- inngå servicenivåavtale (SNA-avtale) med kvart av helseføretaka seinast innan 1. april 2005
- i løpet av 2005 utvikle ein aktivitetsbasert prismodell i samarbeid med helseføretaka

## **Kvalitet og utvikling**

Det er ein føresetnad at det blir arbeida kontinuerlig med kunnskapsutvikling og kvalitet, og at nasjonale og regionale tiltak som understøttar dette blir følgt opp.

Helse Vest IKT AS skal ha fokus på å:

- utvikle og etablere kvalitetsindikatorar i samarbeid med Helse Vest RHF. Målingar skal utførast regelmessig.
- utvikle ein strategi for risikovurdering og risikohandtering i løpet av 2005
- ha sekretariatsfunksjon for Nasjonal IKT
- vere underleverandør til Norsk Helsenett for det regionale nettet i Helse Vest og bidra i det nasjonale samordningsarbeidet
- kontinuerlig arbeide med kompetanseutvikling

## **Strategiske tiltak**

Helse Vest IKT AS skal i løpet av 2005 arbeide med følgjande strategiske tiltak:

- utarbeide ein kontraktsstrategi og beskrive forholdet til underleverandørar
- revidere regional IKT-strategi
- bidra i arbeidet med felles regionalt PAS/EPJ
- arbeide med trådlaus samhandling innanfor radiologien

## **Organisasjonsutvikling**

- **Leiing:**

Utvikling av eit godt leiarskap på alle plan må framleis vere eit fokusert område. Det er ein føresetnad at Helse Vest IKT AS inkluderer eit regionalt fokus i sine lokale leiarprogram og inkluderer Helse Vest RHF som ein naturleg bidragsytar.

- **Openheit:**

Styremøta skal være opne. Styret kan vurdere å lukke møtet under behandling av ei eller fleire saker – dersom behovet er reelt og saklig og i samsvar med prinsippa om unntak i offentleglova. Det skal ikkje utviklast ein praksis som svekker intensjonen om at opne styremøte fremmer tillit og legitimitet.

Tema kommunikasjon og omdømme vil inngå i det regionale leiarprogrammet.

- **Juridisk rammeverk og arbeid med internkontroll**

All verksemد skal planleggast og drivast innanfor gjeldande lover og reglar. Plikta til internkontroll inneber at alle ledd i organisasjonen skal kjenne til relevante lovkrav.

- Grøn stat:  
Det skal vere miljøleiing som ein integrert del av styringssistema i organisasjonen. På [www.odin.dep.no/md/gronnstat/](http://www.odin.dep.no/md/gronnstat/) er det samla rettleiing og erfaringsmateriale.
- Innkjøp av varer og tenester:  
Helse Vest IKT AS skal delta i og bidra til utvikling av det regionale innkjøpssamarbeidet i Helse Vest og arbeide aktivt og målretta med innkjøpsorganiseringa med siktet på å få bukt med direktekjøp som ikkje er i samsvar med regelverk og innkjøpsavtalar som er inngått.

## 5. RAPPORTERING

### Månadsrapportering

Det skal som hovudregel rapporterast innan den 15. i kvar månad på økonomi og aktivitet.

### Tertiアルrapportering

Helse Vest IKT AS skal rapportere på kvalitetsindikatorar kvart tertial. Frist for rapporteringa er den 15. i den påfølgande månaden.

### Årleg melding

Helse Vest IKT AS skal i årleg melding rapportere på oppfølging av styringsdokumentet frå Helse Vest RHF.

### Årsrekneskapen

Helseføretaksgruppa skal sende inn rekneskap i medhald av reglane rekneskapslova. Det vil bli satt eigne fristar for gjennomføringa av årsoppgjeret for 2005.

Forus 26. januar 2005

Helse Vest RHF